

Pedagogisk utviklingsplan for Rubbestadnes vidaregåande skule - skuleåra 2017-19

Referanse

Denne planen har referanse i dokumenta:

- System for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane (HFK)
- Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet i dei vidaregåande skulane (HFK)
- Blikk for alle – fokus på den enkelte (HFK)
- DNV GL – ST – 0029 (DNV GL)

Visjon

Miljøskulen.

Pedagogisk plattform

Skulen skal i saman med elevar utvikla heilskapleg kompetanse- fagleg, metodisk, sosial og personleg – slik at alle kan fungera best mogleg i samfunnet. Skulen skal vera ein regional utviklingsaktør.

Prosess i arbeidet

Det som er prioritert presentert i planen under er tufta på Elevundersøkelsen, skulebesøk, leiarmøte, avdelingsmøter, interne og eksterne revisjonar, arbeidsmiljøutvalsmøter og skulemiljøutvalsmøter.

A-2.1.1-01 Særskilde kvalitetsmål for Rubbestadnes vidaregåande skule (referanse DNV GL)

Undervisning, elevtrivsel og skulemiljø

Kvalitetsmål for skulen er å vera lik- eller betre enn gjennomsnittet av dei vidaregåande skulane i HFK med best fysisk læringsmiljø og fagleg oppfølging. Resultatmål blir henta frå elevundersøkinga til Utdanningsdirektoratet, som blir offentleggjort i *skoleporten.udir.no*.

HMS

Kvalitetsmål er 0% skader med fråvær.

Eksamen

Kvalitetsmål er 0% klage på eksamensprosessen og eksamensoppgåver.

Kompetanseutviklingsplan

Skulen har eigen kompetanseutviklingsplan som ikkje kjem fram i denne plan. Det må likevel nemnast at me har 7 lærarar (30% av lærarane) som utdannar seg dette skuleåret. Det fordeler seg slik; PPU (1 vikar), matematikk 8 -13 (1 lærar), elevkunnskap og rettleiing, - og vurdering for læring (3 lærarar), Yrkesfaglærerutdanning i elektrofag (1 lærar) og Yrkesfaglærerutdanning i maskinfag (1 lærar).

Omstillingstid

Skulen er bestemt nedlagt i 2022. Dette har ført til at mange på skulen er undrande og utrygge. Etter kvar som tida går kjem med ta kontakt med Opplæringsavdeling/HR for å søkje hjelp. I tida som me går inn i no vil me prøve å få i gong nokre sosiale tiltak som kan vera hyggelege og støttande. Desse kjem ikkje fram i denne plan. Det er viktig for oss å halde på den gode kulturen på skulen.

Innkjøp av utstyr og tenester

I den tida som me er inne i no har me lite rom for kjøp av utstyr og tenestar. Me prioriter hardt, og gjer vårt beste for å stille på det som me vert pålagt, alltid nøktern innkjøp, men kunne heilt klart tenkt oss å nytte meir midlar på lærartimar da det er ein del elevar som har store hol i kunnskapen sin.

Matematikkfaget

I år som tidligare år har me mange som har dårlige basiskunnskapar når dei tek til hos oss. I år er det særst dårleg. Me har sett inn store ekstra tiltak som ikkje kjem fram i denne plan.

Utval av mål

I utgangspunktet er det mange mål me ønskjer å jobbe mot. Erfaringar tilseier at har me for mange mål blir det ofte ikkje så gode resultat, da tida ikkje strekk til. Me har prioritert slik planen viser.

Me vurderer å gå i gong med å få på plass nokre «husreglar». Det kjem me ev. tilbake til.

Utviklingsplan

LÆRARSAMARBEID					
Mål	Tiltak	Kvalitative kjenneteikn på måloppnåing	Resultatmål (kvantitative kjenneteikn på måloppnåing)	Dokumentasjon/Evaluering	Ansvarleg for gjennomføringa
Auka lærarsamarbeid.	Organisere det pedagogiske utviklingsarbeidet betre på tvers av avdelingane.	Læraren kjenner betre til kva praksis ein har på dei ulike avdelingane og kan lære av dette.	Lærarane er meir i lag og deler erfaringar på tvers av avdelingane.	Lærarane sine individuelle arbeidsplanar.	Avdelingsleiarane. Lærer i aktuelle fag.
	Tilpassa opplæringa betre ved å lage praktiske øvingsrekker med standardisert dokumentasjon.	Elevane på ulike nivå arbeider betre/lettare ut i frå sine evner.	Fleire elevar utviklar seg betre ut i frå sitt nivå.	Kompetansebevis.	

ELEVANE SITT LÆRINGSMILJØ					
Mål	Tiltak	Kvalitative kjenneteikn på måloppnåing	Resultatmål (kvantitative kjenneteikn på måloppnåing)	Dokumentasjon/ Evaluering	Ansvarleg for gjennomføringa
Betre læringsmiljø.	Lærarane skal lage klassereglar og ordensmannsliste i lag med elevane og bruke desse. Nytt klassemøte for å drøfte status.	Auka trivsel. Auka kontroll på PC bruk. Betre orden i klasserom og verkstadar.	Auka fullføring. Betre karakterar.	Elevundersøkinga. Plakat – klassereglar. Kompetansebevisa. Extens. Internrevisjon. Eksternrevisjon. Klage frå elevar. Skulearena.	Kontaktlærarane.
	Lage faste punkt på saklista for klasselærarråd. Ny mal.	Meir lik praksis på skulen.	Elevane opplever meir lik handsaming.	Referat etter klasselærarråd.	Leiargruppa.
	Handheve skulereglementet meir likt. Notere uønska hendingar i Skulearena. Bruke felles interne retningslinjer fråværsoppfølging.	Oppleve større felles forståing i tolking av forskrift. Meir lik praksis på skulen.	Redusere elevane sitt fråvær og for seint koming. Elevane opplever meir lik handsaming.	Skulearena og meldingar til elevar/føresette.	Lærarane. Avdelingsleiarane.
0-toleranse for mobbing. Drøfte og undersøke i klassane. Me nyttar Pedsys.	Lærarane og leing arbeider mindre med konkrete mobbesaker.	Mindre mobbing.	Elevundersøkinga. Elevsamtalar og spørjeundersøkingar. Evaluere fortløpande. Tett på. Dokumentasjon basert på §9a.	Kontaktlærarane.	

	<p>Betre samarbeid med heimen slik at eleven opplever meir støtte heime.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Få på plass SMS - system til føresette. - Informere heimen om forventningar til heimen og eleven. - Lage system for å få tilbakemeldingar frå heimen ved skuleslutt. 	<p>Fleire elevar opplever at skulen og heimen samarbeider betre.</p> <p>Fleire heimar opplever at dei er trygge på forventingar som skulen har til heimen og elevane, samt at det er rom for å gi tilbakemelding.</p>		<p>Logg frå system.</p> <p>Logg frå system.</p> <p>Stikkord frå skulestartdag, foreldremøte, foreldresamtalar, elevsamtalar, post før skulestart osv.</p> <p>Spørjeskjema med svar frå heimen.</p>	<p>Rektor.</p> <p>Rektor.</p> <p>Ass. rektor og rektor.</p> <p>Ass. rektor.</p>
--	---	---	--	--	---

VURDERING FOR LÆRING					
Mål	Tiltak	Kvalitative kjenneteikn på måloppnåing	Resultatmål (kvantitative kjenneteikn på måloppnåing)	Dokumentasjon/ Evaluering	Ansvarleg for gjennomføringa
Auka bruken av www.pedsys.no	Bruke www.pedsys.no systematisk.	Læraren arbeider meir systematisk med vurdering.	Læraren ser nytta av å bruke www.pedsys.no	Sjå www.pedsys.no Medarbeidarsamtalar.	Lærarane. Avdelingsleiarane.
	- Undervisninga ved oppstart nytt tema skal starte med ein presentasjon av prosessmål, mål og vurderingskriterier.	Elevane kjenner til prosessmål, mål og vurderingskriterier.	Elevane er meir motivert og arbeider betre mot måla i faga.	Elevundersøkinga. Årsplanar og logg. Elevane sin eigenvurderingsskjema. Internrevisjon. Eksternrevisjon.	Lærarane.
	- Elevane er engasjert i å vurdere eige arbeid gjerne i dialog med lærar som gir framovermeldingar.	Elevane har god dialog med faglærar og kan vurdere eige arbeid.	Elevane er meir motivert og arbeider betre mot måla i faga.	Referat/logg/eigenvurderingsskjema frå fagsamtalar.	Lærarane.
- Vidareutdanning av lærarar, kurs med studiepoeng.	Betre læringsmiljø.	Auka kompetansen blant lærarane.	Vitnemål	Lærarane	

HMS					
Mål	Tiltak	Kvalitative kjenneteikn på måloppnåing	Resultatmål (kvantitative kjenneteikn på måloppnåing)	Dokumentasjon/Evaluering	Ansvarleg
HMS	Bruke Qm+ meir.	Fleire bruker Qm+.	Fleire meldingar i Qm+.	Qm+.	Avdelingsleiarane.
	Bruke elevverneomboda i klassane meir.	Meir aktive elevverneombod.		Logg frå elevverneombod.	Lærarane.
	Bruke «elevavvikskjema» meir.	Fleire elevavvikskjema vert nytta.	Fleire elevavvikskjema i Qm+.	Qm+.	Lærarane.
	Betre orden og vedlikehaldsrutinane i verkstadane.	Betre orden og vedlikehaldsrutinar i verkstadane.	Lærarar og elevar opplever betre orden og vedlikehaldsrutinar i verkstadane.	Sjekklistar, bilder og synfaring.	Avdelingsleiarane.
	Lage betre systematikk rundt opplæring i noko verktoy. Må dokumenterast.	Elevane er tryggare i rett bruk av verktoy.	Mindre skader, betre holdningar.	Sjekklistar.	Avdelingsleiarane.
	Alle elevane bruker nok og rett verneutstyr.	Elevane bruker nok og rett verneutstyr.	Mindre skader og betre holdningar.	Synfaring og dialog.	Avdelingsleiarane.

Rubbestadneset, 22. september 2017 – Rune Gåsland